



Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/25	Formannskapet	04.11.2025

Planoppstart og forslag til planprogram med konsekvensutgreiing for områdeplan i Skjold

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til **planprogram** med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold blir sendt på høyring saman med varsel om planoppstart

Formannskapet 04.11.2025:

Behandling:

Tilleggsforslag frå Øyvind Valen (AP):

Planområdet blir utvida slik at heile bustadfeltet, samt det ferdigregulerte feltet nord for Skjoldalifeltet blir ein del av planen.

Votering:

Punkt 1: Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.
Samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

Punkt 2: Tilleggsforslag frå Øyvind Valen (AP).
Samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 082/25 Vedtak:

1. Forslag til **planprogram** med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold blir sendt på høyring saman med varsel om planoppstart
2. Planområdet blir utvida slik at heile bustadfeltet, samt det ferdigregulerte feltet nord for Skjoldalifeltet blir ein del av planen.

Saksutgreiing

Samandrag

Vindafjord kommune legg fram forslag til **planprogram** med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold. Bakgrunnen er sterk befolkningsvekst, behov for oppdatert planverk og utfordringar knytt til

trafikkavvikling og sentrumsutvikling. Planområdet omfattar ca. 1300 dekar mellom knutepunkta Isvik og Vikaneset.

Planprogrammet gjer greie for føremål med planarbeidet, planprosessar, opplegg for medverknad, behov for utgreiingar med meir. Hovudmåla for områdeplanen er å bygge eit sterkt sentrum og lokalsamfunnet skal opplevast godt å bu i og besøka. Her skal ein kunne vere aktive heile livet, og ha ei berekraftig utvikling og trygge og gode vegar og stiar.

I konsekvensutgreiinga (etter KU-forskrifta) skal følgjande tema utgreiast: Naturmangfald og økosystemtenester, kulturminne og kulturmiljø og trafikk, areal og transport. Oppstart av planarbeidet og planprogrammet skal på høyring før endeleg fastsetting i formannskapet, og vil danne grunnlag for vidare arbeid med områdeplanen. Her kan du lese planprogrammet i kort versjon.

Bakgrunn for saka

I 2025 var det 1698 innbyggjarar i heile grunnkretsen Skjold (962 i tettstaden). Veksten i bygda har vore størst etter 2020. Dei siste 5 åra er veksten i personar klart størst i Skjold, samanlikna med dei andre bygdene i kommunen.

Sist gang det blei vedtatt ein større reguleringsplan for Skjold sentrum var i 1989 (Reguleringsplan for Isvik-Skjoldavik (sentr. plan)). Mykje er bygd ut etter denne planen, men det er også mykje som er vesentleg endra. Dette siste gjeld særleg etter at europavegen blei regulert på nytt og bygd ferdig i 2015. At E-134 blei lagt om og gjennom ein tunnel har vore svært viktig for bygda. Den nye vegen deler likevel framleis byda i to og det har vore mange og lange diskusjonar om korleis dette har påverka interntrafikken.

Ein sentrumsanalyse for Skjold blei utarbeidd i 2020 og inneheld historisk utvikling av sentrums- og næringsområde i Skjold, samt ei vurdering av framtidige behov for næring- og sentrumsområde og lokalisering av desse.

Med bakgrunn i sterk vekst i befolkninga siste 5 år, behovet for oppdatert planverk, gode løysingar for all intern trafikk i tettstaden og eit avklart sentrumsområde med potensiale for utvikling er det behov for å utarbeide ein områdeplan for Skjold.

Saks- og faktaopplysningar

Ein områdeplan er ein type reguleringsplan (i samsvar med kap. 12 i plan- og bygningslova). Det primære føremålet er å gjere naudsynte områdeavklaringar. I likeheit med kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanar er dette kommunen sin plan. Ein slik plan utarbeidast vanlegvis av kommunen, men kan utarbeidast av anna myndigheit eller private etter avtale med kommunen. Områdeplanen kan gi både meir overordna områdevis avklaringar av arealbruken og innehalde detaljregulering på deler av områda. Områdeplanen kan sette krav om vidare detaljregulering og felles planlegging.

For planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad og behovet for konsekvensutgreiing.

Forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing (KU- forskrifta)

Etter plan- og bygningslova §4-1 skal det, som ledd i varsling av oppstart av planarbeid, utarbeidast planprogram for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Områdeplanen kjem inn under § 6 a i KU-forskrifta og skal utgreiast etter rammene i vedlegg II.

Kap. 5 i KU-forskrifta listar opp faktorar som kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn. KU skal ta utgangspunkt i føreliggande kunnskap og behovet for oppdatering av denne. Der slik kunnskap ikkje ligg føre, skal det i naudsynt grad hentast inn ny kunnskap.

Planprogrammet

Forslag til planprogram gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, kva me vil oppnå med planen (Del 1), rammer for planarbeidet (Del 2) og korleis me skal løyse oppgåva (del 3).

Del 1- Kva vil me oppnå med planen

Dei overordna målsettingane for planen kjem frå kommuneplanen. Me skal bygge eit sterkt sentrum og lokalsamfunnet skal opplevast godt å bu i og besøka. Her vil me kunne vere aktive heile livet og ha ei berekraftig utvikling og trygge og gode vegar og stiar.

Desse hovudmåla tar me med oss inn arbeidet og vil vere sentrale føringar i arbeidet med områdeplanen. Hovudmåla og nye delmål og strategiar for særskilte kvalitetar og problemstillingar skal vidareutviklast i fellesskap med grunneigarar, innbyggjarar, næringsliv og andre grupper som har interesse i den framtidige utviklinga av Skjold i den vidare planprosessen.

Hovudmål 1: Tettstaden Skjold skal opplevast god og trygg å bu i og besøka

Hovudmål 2: Tettstaden skal bindast saman av trygge og gode vegar og stiar

Hovudmål 3: Me skal bygge eit sterkt sentrum

Hovudmål 4: I Skjold skal me kunne vere aktive heile livet

Hovudmål 5: Tettstaden skal ha ein berekraftig utvikling

Del 2- Rammer for planarbeidet

Dette kapitelet viser først til nasjonale, regionale og kommunale føringar. Vidare blir det peikt på særskilte forhold og rammevilkår som er viktig for planarbeidet.

Planen fokuserer på to hovudutfordringar: betre intern trafikkavvikling og vidareutvikling av sentrum.

Visjonen er å styrke dei viktigaste knutepunkta i bygda – Isvik, Skjoldavik og Vikaneset – og knyte dei saman til ein livskraftig tettstad. Planen skal vere konkret og operasjonell, med tydelege ansvarsforhold mellom kva som er eit offentleg ansvar med viktige tiltak som gang- og sykkelveg og trafikktryggleik og kva som må bli til i eit samarbeid med private og frivillige interesser.

Vidareutvikling av sentrum, turstiar og gode møteplassar er eksemplar der det er avgjerande å få til eit samarbeid. Kapittel 3.4 gir ei skildring av tettstaden Skjold og planavgrensinga.

Planområdet

Planområdet er stort og utgjer om lag 1300 dekar. Planområdet er i hovudsak avgrensa mellom dei to store knutepunkta i tettstaden (markert med raude sirkclar), Isvik med butikkar, café og legekontor og Vikaneset med barnehage, skule og idrettsanlegg. Bustadveksten har dei siste åra skjedd på Vikaneset. Planområdet tar med seg det området som har dei største utfordringane med tanke på trafikkavvikling, med aktuell del av Skjoldvikvegen og området som kan vere aktuelt for ein avlastingsveg mellom Isvik hageby og Vikaneset.



Del 3- Korleis skal me løyse oppgåva

Utgreiingstema

I konsekvensutgreiinga (KU-forskrifta) skal følgjande tema utgreiast: Naturmangfald og økosystemtenester, kulturminne og kulturmiljø og trafikk, areal og transport.

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over kva tema som skal konsekvensutgreiast. Det går også fram av tabellen at nokre tema vil bli omtalt i planskildring eller i ROS-analyse.

TEMA	KU	Planskildring	ROS-analyse	Ikkje relevant
Naturmangfald	X			
Økosystemtenester	X			
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål		X		
Kulturminne og kulturmiljø	X			
Friluftsliv		X		
Landskap		X		
Forureining			X	
Vassmiljø jf, vassforskrifta		X		
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressurser		X		
Samisk natur- og kulturgrunnlag				X
Trafikk, areal og transport	X			
Beredskap og ulukkesrisiko			X	
Verknader som følgje av klimaendringar; risiko ved havnivåstigning, stormflo flaum og skred			X	
Folk si helse og helsa si fordeling i befolkninga		X		
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett		X		
Barn og unge sine oppvekstvilkår		X		
Infrastruktur (vatn, avløp, kraftforsyning og veg)	X			
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet		X		

Kapitel 4: **Plan for utgreiingar** i planprogrammet omtalar kvart tema nærare.

Fleirtalet av tema vil bli kartlagt og utgreidd i samsvar med «*Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø, M-1941*». For dei tema som ikkje er omfatta av handboka, vil metodikk og kriteriesett måtte tilpassast enkeltvis.

Konsekvensutgreiinga inneber ei analyse av konsekvensar og verknader av planforslaget samanlikna med eit gjeve 0-alternativ. I denne planprosessen er førebels vurdering at 0-alternativet er dagens situasjon. ROS-analysen skal gjennomførast i samsvar med DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunane si arealplanlegging».

Planprosess og medverknad

Vindafjord kommune er forslagsstillar med kommunestyret som oppdragsgjevar for planarbeidet. Prosjekteigar er kommunalsjef samfunnsutvikling. Formannskapet vil vere styringsgruppe for planarbeidet

Prosjektet vil bli styrt av planleggjar på rammeområdet (prosjektleder) og det er og oppretta ei prosjektgruppe som består av prosjekteigar, prosjektleder, einingsleder areal og forvaltning og einingsleder kommunaltekniske tenester.

Ein områdeplan skal og kan ikkje løyse alle utfordringar i Skjold. Det er viktig å sette tydelege rammer og prioriteringar for arbeidet. Normalt blir varsel om planoppstart og høyring av planprogram sendt på høyring utan politisk behandling. For å sikre politisk forankring er det vald å ta forslag til planprogram opp til politisk behandling i forkant av høyring.

Framdriftsplan

I framdriftsplanen under er det foreslått å komme fram til ein realistisk prosess med mål om vedtatt plan innan 3 år.

Framdriftsplan	2025				2026				2027			
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
Områdeplanar												
Heile planprosessen												
Internt arbeid												
Møte med grendeutval og Skjoldavik												
Varsel om oppstart og Planprogram politisk												
Ope møte												
Trafikkanalyse og trafikkvurderingar												
Medverknad og involvering												
Utarbeiding av plan												
1. gangs behandling												
Høyring												
Endeleg vedtak												
Under arbeid og ulikt internt og eksternt arbeid												
medverknad/offentleg høyring/behandling												
Maks planleggingstid 3 år												

Medverknad

Ein brei og inkluderande kommunikasjons- og medverknadsprosess gjennom heile planprosessen vil kunne ha stor verknad for arbeidet med å oppnå områdeplanen sine målsettingar. Planarbeidet vil følgje prosesskrava i plan- og bygningslova. Medverknaden er lagt opp i ulike fasar.

Allereie i forkant av formell oppstart av planarbeidet er det gjennomført noko medverknad. Denne medverknaden tidleg har vore med på å kvalitetssikre innhaldet i planprogrammet og innspela vil elles bli tatt med i det vidare arbeidet med planen. I samband med høyring av planprogrammet vil det bli arrangert eit ope informasjonsmøte om planprogrammet, planprosess og planarbeidet. Når planprogrammet er vedtatt vil det bli arrangert ulike medverknadsmøte og verkstadar i mindre og større grupper for å fane dei ulike tema og nå viktige interessegrupper. Det er aktuelt å gjennomføre fleire opne møte og ei spørjeundersøking i løpet av arbeidet med planen. Detaljert plan for medverknad må tilpassast behovet undervegs.

Det er også påpeikt i denne fasen med tidleg medverknad at jamn informasjon om arbeidet er viktig både i møter og brev/internett/sosiale media. I første omgang er det oppretta ei eigen side på Vindafjord kommune sine heimesider: [Områdeplan for Skjold](#)

Vurdering

Med bakgrunn i sterk vekst i befolkninga siste 5 år, behovet for oppdatert planverk, gode løysingar for all intern trafikk i tettstaden og eit avklart sentrumsområde med potensiale for utvikling, legg kommunedirektøren fram eit planprogram som skal gje ein strategisk plan med gode målsettingar og visjonar for Skjold, men også ein operasjonell plan som har gode og konkrete løysingar. Områdeplanen kan og skal ikkje løyse alle utfordringane i Skjold, men gjennom gode prioriteringar sikre at me får dekt dei viktigaste behova. Det er kommunedirektøren si vurdering at

planprogrammet vil sikre ein heilskapleg plan for infrastruktur og det offentlege rom. Ein god medverknadsprosess vil gi planprosessen rom for å skape eigarskap og entusiasme for ein berekraftig utvikling av bustad og sentrum.

Oppsummering

Kommunedirektøren vil gjere merksam på at det er planprogrammet som nå skal sendast ut på høyring. Dette er ei «oppskrift» på korleis planen skal utarbeidast, planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverknad og behovet for konsekvensutgreiing. Det er viktig med politisk forankring av at denne oppskrifta gir dei rette rammene for planarbeidet. Etter at planprogrammet har vore på høyringa, skal alle innspel vurderast før planprogrammet kjem opp til endeleg behandling.

I det påfølgande skal konsekvensutgreiinga utarbeidast på grunnlag av dette og leggst til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Konsekvensutgreiinga og andre utgriingar skal følgje planforslaget i den vidare planprosessen og danne grunnlaget for planforslaget som skal utarbeidast.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Forslag til planprogram med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold blir sendt på høyring saman med varsel om planoppstart

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing.

Vedlegg:

Plangrense_grunnkart

Plangrense_wms_grunnkart